



IKT Nordfjord

Møteprotokoll

Utval: IKT Nordfjord - Styremøte
Møtestad: Teams
Dato: 12.05.2026
Tid: Kl. 09:00

Følgjande medlem møtte

Jon B Nesje
Kristine Dahl
Mike Jonny Becker
Tom Joensen
Øyvind Bang-Olsen

Kommunedirektør Stryn kommune
Kommunedirektør Stad kommune
Tilsett representant IKT Nordfjord
Kommunedirektør Bremanger kommune
Kommunedirektør Kinn kommune

Forfall

Anders Skipenes

Varamedlem

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
26/10	Godkjenning av innkalling og saksliste
26/11	Godkjenning av møteprotokoll
26/12	Eventuelt
26/13	Samordna utleggtrekk
26/14	Orienteringssaker styremøte IKT Nordfjord 12.05.26

26/10: Godkjenning av innkalling og sakliste

Dagleg leiar si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

IKT Nordfjord - Styremøte 12.05.2026:

IKTNFS- 26/10 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

26/11: Godkjenning av møteprotokoll

Dagleg leiar si tilråding:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.

IKT Nordfjord - Styremøte 12.05.2026:

IKTNFS- 26/11 Vedtak:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.

26/12: Eventuelt

IKT Nordfjord - Styremøte 12.05.2026:

Handsaming:

Saker frå kommunedirektør i Kinn:

- 1) Er det mogleg å få klarlagt nokre enkle estimat til kostnadsutvikling på ikt området som støtte til økonomiplanarbeidet.
- 2) I samband med budsjettarbeidet kan det vere tenleg å vurdere å ta inn ein post for å innmeldingar gjennom året, det er lang planleggingshorisont frå mai til godt ut i neste budsjettår.
- 3) Frå Stryn: I store prosjekt ser ein at deltaking i prosjekt blir ei belastning på dagleg drift. Kan det vere ei løysing med frikjøp av ressursar i store og ressurskrevjande prosjekt?

IKTNFS- 26/12 Vedtak:

1 og 2) Administrasjon IKT Nordfjord utarbeidar ein fireårsplan som del av budsjettarbeidet for å inkludere forventa kostnadsendringar og reservepostar/buffer. Administrasjon vil i dialog med andre driftssamarbeid får innsyn i korleis dei handterer utfordringar med uføresette kostnader og evt reservepostar/buffer i budsjettprosessane sine.

3) Saka må løftast inn i den sentrale styringsruppa for EPJ prosjektet og evt inn i eigargruppa for vidare drøfting og evt konklusjon for dette prosjektet og samstundes kunne legge føringar for framtidige prosjekt.

26/13: Samordna utleggstrekk

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Dagleg leiar tilrår at kjøp av lisens for Samordna utleggstrekk for bruk i lønssystemet Enterprise Plus blir godkjent av styret i IKT Nordfjord. Løysinga skal takast i bruk så snart integrasjonen er tilgjengeleg frå leverandør.

Det skal gjennomførast ROS- analyse og DPIA før produsjonssetting, og nødvendige rutinar for tilgangsstyring, kontroll og avvikshandtering skal etablerast.

IKT Nordfjord - Styremøte 12.05.2026:

IKTNFS- 26/13 Vedtak:

Kjøp av lisens for Samordna utleggstrekk for bruk i lønssystemet Enterprise Plus blir godkjent av styret i IKT Nordfjord. Løysinga skal takast i bruk så snart integrasjonen er tilgjengeleg frå leverandør og NFN har tilgjengelege ressursar.

Det skal gjennomførast ROS- analyse og DPIA før produsjonssetting, og nødvendige rutinar for tilgangsstyring, kontroll og avvikshandtering skal etablerast.

26/14: Orienteringssaker styremøte IKT Nordfjord 12.05.26

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Orienteringssakene blir tatt til vitande.

IKT Nordfjord - Styremøte 12.05.2026:

Handsaming:

- 1) Under post 1 vart det oppmoda om å lage ei kostnadsberegning for kjøp av Datasenterutstyr etter møte med leverandør.
- 2) Post 2: I KI prosjektet er informasjon om status viktig for alle tilsette

IKTNFS- 26/14 Vedtak:

- 1) Ei kostnadsberegning vil bli presentert i neste styremøte
- 2) IKT Nordfjord sender ut ei løypemelding for innføring av KI plattformen i IKT Nordfjord

Sakene elles vart teke til vitande